

---

**Fra:** Høgelid, Magne Ståle <magne.stale.hogelid@helse-bergen.no>  
**Sendt:** 13. januar 2017 14:39  
**Til:** Postmottak Austevoll; Austrheim Kommune, Postmottak; Eidfjord Kommune, Postmottak; Postmottak Fedje; Fjell Kommune, Postmottak; Fusa Kommune, Postmottak; Granvin Kommune, Postmottak; Gulen Kommune, Postmottak; Kvam Kommune, Postmottak; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Samnanger Kommune, Postmottak; Sund Kommune, Postmottak; Ulvik Kommune, Postmottak; Postmottak Vaksdal; Voss Kommune, Postmottak; Øygarden Kommune, Postmottak  
**Kopi:** Anne Hildegunn Færøy  
**Emne:** Avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av LAR legemidler  
**Vedlegg:** Sak 49\_16 Felles avtale for finansiering av kostnader ved kommunenes utdeling av LAR-legemiddel.doc; Utkast\_Avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av.docx

Til rådmann i kommunen.

Denne henvendelsen blir sendt til kommunane i føretaksområdet der det er ønske om/behov for å inngå avtale mellom kommunen og Haukeland universitetssjukehus/Helse Bergen HF(HB) om utlevering av LAR-legemidler.

Samarbeidsutvala i Bergensregionen, Nordhordland og Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde handsama sak om dette i desember 2016 og slutta seg til ein felles prosess for utarbeiding og inngåing av slik avtale.

Bakgrunn:

I statsbudsjettet for 2014 (Prop. 1 S (2013-2014)) vart det vedtatt at dei regionale helseføretaka i tillegg til å dekke legemiddelkostnadene også skal finansiera kostnadene ved utlevering av LAR-legemiddel, men at sjølve utleveringa kan gjerast av apotek eller ved kommunale utleveringsordningar.

Helse Bergen har slutført forhandlingar med Askøy og Os kommune og utarbeidd avtale der ein er blitt einige om at kommunen leverer ut LAR-legemidler, og at kostnadene vert fakturert Avdeling for rusmedisin- LAR etter en avtalt stykkpris.

Samarbeidsutvala(SUa) er samde om og tilrår at avtale som er utarbeidd mellom Helse Bergen og kommunane Os og Askøy vert lagt til grunn for inngåing av liknande/same avtale med andre kommunar og har slutta seg til slik prosess:

*Samarbeidssekretariatet(SSE) sender ut forslag til avtale til kommunane for å forberede diskusjon i samarbeidsutvalget i februararmøtet og for å kartlegge hvilke kommuner som er aktuelle for en slik avtale.*

SSE har frå Helse Bergen fått opplyst at det er LAR pasientar i dei aller fleste kommunane og at slik avtale kan vera aktuell for alle kommunar.

Vedlagt finn ein saka slik den vart presentert i samarbeidsutvala i desember 2016 med kvart av SUa sine vedtak i saka.

**SSE ber om at alle kommunane melder tilbake om dei ønskjer ein slik avtale. Vi ber og om at eventuelle innspel til det vedlagte avtaleutkastet**

**vert sendt til samarbeidssekretariatet v/ Magne Høgelid innan 31.januar.**

Vennleg helsing

**Magne Høgelid**

Koordinator Samarbeidssekretariatet

55975707 / +4797493483

Haukeland universitetssjukehus

[www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no)

